

**Karmøy kommune**

Pb. 167

4291 Kopervik

Dykkar ref.:

**23/6156**Dato: **10.07.2023**Saksnr.: **2023/46614**Dok.nr.: **2**

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

**Karmøy kommune - gnr 31 bnr 16 - riving og nybygg bolig -  
Hagavegen 26 - søknad til uttalelse**

Fylkesdirektøren viser til søknad om riving av bustad og oppføring av ny einebustad på gnr 31 bnr 16 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern. Det ligg eit automatisk freda kulturminne, ID 43992, om lag 80 meter aust for der ein ønsker å føre opp bustaden. Eit automatisk freda kulturminne er freda i medhald av kulturminnelovens §4.

Ny bustad er søkt oppført på same staden som eksisterande bustad ligg i dag, samt at det er ein driftsbygning mellom ny bustad og gravminnet.

Fylkesdirektøren kan dermed ikkje sjå at ny bustad her vil føre til ytterlegare utilbørleg skjemming, jf Kulturminnelovens §3, og har dermed ingen merknader til søknaden.

Fylkesdirektøren vil likevel gjere merksam på at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av tiltaket straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Helsing  
Jan G. Auestad  
fylkeskonservator

Angunn Skeiseid  
spesialrådgjevar

Kopi til:  
Statsforvaltaren i Rogaland



Rogaland  
fylkeskommune

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.*